

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 30.04.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00

Møtet slutt kl. 16.30

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen.

Frå administrasjonen møtte Stine Gytri under sak 12-19 og Petter Bjørdal under heile møtet. Bjørdal førte møteboka.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 12 til og med 18-19.

Sakliste:

Sak 12-19. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status matavfallinnsamling, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, Personalsituasjonen, Status off. innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / EU, Melsgjerdet, Biogass, Iso 9001, utfordringa framover.

Stine Gytri orienterte om arbeidet med kvalitetsarbeidet ISO 9001.

Sak: 13-19. Resultat mot budsjett 2018

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Ny korrigert rekneskapsoversikt vart lagt fram på møtet.

Ann Britt Våge Fannemel stilte spørsmål ved sin habilitet, då ho har hjelpt til med føring av rekneskapen, i samband med sjukdom i VØR. Ho gjekk frå under behandlinga i styret.

Styret kjende Fannemel samrøystes gild. Og ho tok då sete igjen og deltok i handsaminga av saka.

Sak: 14-19. Eigarskapsmelding, Årsmelding og rekneskap 2018

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner eigarskapsmelding, årsmelding og rekneskap for 2018 slik den ligg føre.

Dagleg leiar vert beden om å korrigere inn evnt. endringar som må kome frå revisjonshandsaminga, og legge det inn rekneskapsoppsettet, som igjen vert lagt fram for representantskapet.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Eigarskapsmeldinga må sidetal nummererast. Alle tabellar må settast opp i likt mønster.

Sak 15-19: Tap på krav 2019

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner sletting av krav på kr. 3901,-, slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 16-19: Kjøp av teneste i samband med kommunesamanslåing Volda og Hornindal

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret ber dagleg leiar om å inngå avtale med Norkart AS i tråd med tilbod av 8 april, slik at overgangen til abonnentane i Hornindal og Bjørke frå 2020 kan gå så smidig som råd.
2. Inndekning vert å kome tilbake til når resultatet for første tærtial ligg føre.
3. Dei økonomiske konsekvensane som no kjem fram, saman med det i sak 12-19, vert å kome tilbake til i evnt. Budsjettkorrigering etter ferien.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 17-19 Referatsaker

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram til møtet:

Ny selskapsavtale for IKS må vedtakast av eigarkommunane 01.03.19

Endring av løyve etter klageavgjersle i MD og søknad om mindre endring 05.03.19.

*Sals- konkurranse og prissamanlikning papir. 15.04.19

Avtale om leasing av renovasjonsbil. Baklastar med kran 16.04.2019

Avtale om leasing av renovasjonsbil. Sidelastar 20.03.2019

Rammeavtale om kjøp av returplastsekkar.

Orientering av konkurranse på kjøp av vask og reinhald

Orientering om kjøp av diesel. Lenging av avtale til sommaren 2020.

Sak 18-19. Godkjenning av møtebok.


Vedtak (5 røysteføre)


Styret godkjenner protokoll frå møte 30.04.19 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Hovdebygda 30.04.19


Jon Helge Bjørndal
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Anne Ellingsen


Helge Standal


Ove Myklebust

Petter Bjørndal
referent